



MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 23.09.2020

Frå sak nr. 31/20 – 38/20
Til sak nr.

Møtestad: Jondal Kyrkje, kyrkjerommet.

Underskrifter:

Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.

Leiar Cecilie Stærnes	Nestleiar Anne Røyemstad
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Åse Marit Jørgensen - referent	Medlem Tørres Mæland
Geistleg representant Arild Hellesøy	Vara: Marit Hesvik

Forfall til møtet:

Arild Hellesøy, Ingebjørg Grøtt, Karin Utheim Gangdal

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.

Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Meldingar:

- Orientering frå Fellesrådet

Det er planlagt møte i Fellesrådet i slutten av september.

Det blir arbeidt med tilsettjing av ny kyrkjeverje.

Diakon er tilsett mot at vedkomande tar utdanning som det er krav om.

- Informasjon v/ Cecilie.

Arild Hellesøy har meldt fråfall til soknerådsmøte 23..09.20. Han kjem til neste møte.

Møtebok blir lagt på nettsida til Jondal kyrkje. Det som er unntatt offentlegheita skal ikkje leggjast på nettsida.

- Økonomi v/ Anne

Det ligg kr. 25 000 i safen i kyrja. Det er talt opp saman med kyrkjetenar. Kyrkjetenar tek ansvar for at pengane blir lagt i dropsafe på Coop.

Offerpengar telles opp etter kvar gudsteneste av klokkar og kyrkjevert. Det er laga prosedyre for dette. Det er avtalt med kyrkjeverje at kyrkjetenar registerer offer i Nokas og legg pengane i safe på Coop (jmfr. Sak 35/20).

Saker:

31/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

32/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.08.20

33/20 Utval

34/20 Arrangement hausten 2020

35/20 Takkoffer/ kan vi ta i mot kontantar/ rutinar v/ Anne.

36/20 Soknerådsmøter – opning/ form v/ Anne

37/20 Gravferder - ansvar for smittevern? v/ Tørres

Sak 31/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og til møte den 23.09.2020 vart samrøystes godkjent.

Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte 23.09.2020 vart samrøystes godkjent.

Sak 32/20 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 12.08.2020 var samrøystes godkjent.

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 12.08.2020 var samrøystes godkjent.

Sak 33/20 Utval

Kort utgreiing om saka:

Ved eit av våre første møte vart ulike utval diskutert. Arbeidet til soknerådet i 2020 har blant anna grunna koronasituasjonen handla om anna enn utval. Me har vedteke å halde sokneråd kvar 6.veke. Når me no tek fatt på haustens arbeid vil det truleg vera naudsynt med møter i utvala mellom soknerådsmøta. Kva utval treng me? Korleis vil tilsetjinga av ny diakon merkast i det diakonale arbeidet i Jondal? Treng me diakonalt utval? (Fellesrådet)

Framlegg til vedtak:

Trivselutval: Eit utval som hugsar på markeringar, planlegg samkomer, tek vare på frivillige, bidreg til generell trivsel

Økonomi/ administrasjon: Eit utval som tek opp detaljar som gjeld økonomi og administrasjon.

Kyrkjemusikalsk utval: Leia av kantor Anne Karin Stormyr.

Diakonalt utval?

Vedtak:

Kyrkjemusikalsk utval: Anne Karin Stormyr og Åse Marit Jørgensen. Utvalet har faste møter og informerer soknerådet.

Økonomisk utval: Cecilie Stærnes, Anne Røymstad og Ingebjørg Grøtt.

Diakoni utval: Vente med å ta avgjersle om diakoniutval til etter nyttår. Invitere nytilsett diakon til soknerådsmøte. Avklare hennar rolle overfor Jondal Sokn.

Det vart på møtet vedtatt å opprette ein komité for smittevern. Anne Røymstad og Åse Marit Jørgensen. Evt. andre aktuelle personar viss behov.

Sak 34/20 Arrangement hausten 2020

Kort utgreiing om saka:

Årsmøte, oppstart med alle vararepresentantar, julearrangement? Anna?

Vedtak:

Soknerådet m/ vara + stab har juleavslutning hos Åse Marit. Dato kjem. Med forbehold at smittesituasjonen(Covid-19) er slik at det går å gjennomføre det.

Årsmøte 15.11.2020 etter gudstenesta.

Soknerådet bes vere til stades.

Sak 35/20 Takkoffer/ kan vi ta imot kontantar/ rutinar v/ Anne

Kort utgreiing om saka:

Grunna korona tek me ikkje imot kontantar i takkoffer. Ikkje alle eldre har vipps, noko som merkast på summane. Kan me ta imot kontantar om pengane vert liggjande i tre dagar. Kven tel dei opp? Rutinar for dette.

Rutinar for teljing av kyrkjoffer.

Offer kan gjerne sendast på vipps slik de gjer i dag.

Offer kan og gjevast i offerskål/ kiste som står ein plass der folk ikkje treng ta i skåla/ kista.

Pengar som er gjeve i offerskål kan teljast opp same dag.

Det er klokkar som tel opp pengane i lag med kyrkjevert.

Det som er viktig er at at dei som tel opp er spesielt merksame på smittevern og passer seg sjølve.

Dei kan bruka hanskars evt. munnbind eller om dei tel opp utan hanskars er det viktig å hugse at ein ikkje tek på noko anna, eller fører nevane opp til ansiktet før dei er ferdige med å telja opp og har nytta handsprit eller vaska nevane.

Etter gudstenesta vert offeret låst inn i safen i kyrkja.

Kyrkjetenar (Laila) fører pengane inn på konto i Nokas systemet og tek ansvar for å leggja offeret i dropsafen på Coop-butikken.

Denne avtalen er gjeldande inntil ny beskjed/ avtale ligg føre. Dette er etter avtale med kyrkjetenar (Laila)

Om kyrkjetenar ikkje har høve til å leggja offeret i dropsafen på Coop, kan andre og gjere det. Det er ingen kode på dropsafen.

Vedtak:

Vedkomande kontantar ved ofring. Kontantar kan leggast i offerkista/ offerskål

Rutine for teljing av kyrkjoffer er samrøyistes vedtatt.

Forholda oss til ein kvar tid gjeldande reglar for smittevern vedkomande kontantar ved ofring.

Sak 36/20 Soknerådsmøter – opning/ form v/ Anne

Kort utgreiing om saka:

Stein Ove Skadal føreslo før han slutta i Jondal at med skulle ha ein meir formell struktur på soknerådsmøta. Til dømes opna med eit bibelvers, eit dikt, ein salme, ein andakt. Evt. avslutta med liknande.

Framlegg til vedtak:

Opna kvart møte med å syngja ein salme for å lære dei nye salmane.

Vedtak:

Open for det om nokon har lyst å bidra, men frivillig.

Sak 37/20 Gravferder – ansvar for smittevern? v/Tørres.

Kort utgreiing om saka:

Tørres har ikkje fått tatt opp saka med Fellesrådet.

Vedtak:

Smittekomiteen skal undersøke kva ein gjer med smittevern i gravferder.

Sak 38/20 Eventuelt

I forhold til overhalde smittevern på gudsteneste og andre samkomer i kyrkja er det ikkje godt nok med spritflaskene ein brukar i dag. Be om spritdispenser utan berøring ved bruk.